



VANG KOMMUNE

Rådmannskontoret

Finansdepartementet
Postboks 8008 DEP
0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:

SONMON-2018000742
-8

Arkiv:

K2 - S00

Vår dato:

17.12.2019

Høyringsuttale til kraftskatteutvalgets rapport NOU 201916 Skattlegging av vannkraftverk

Kommunestyret har i møte 13.12.2019, 116/19, fatta følgjande vedtak. Sjå vedlagt sak.

Med helsing

Monica Søndrol

Konsulent

Dir. tlf.: 61 36 94 10

E-post: monica.sondrol@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Kopi til

Erlend Haaverstad

RYFOSS



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
116/19	Kommunestyret	13.12.2019

Høyringsuttale til kraftskatteutvalgets rapport NOU 201916 Skattlegging av vannkraftverk

Vedlegg:

04.12.2019	Høyringsuttale frå Vang kommune til NOU 2019_16	145449
04.12.2019	2019-11-19 Forslag til høyringsuttalelse fra LVK til FIN - kraftskatteutvalget konsesjonsordningene og eiendomsskatt	145450

Saksopplysningar:

Kraftskattutvalet blei oppretta av Finansdepartementet den 22. juni 2018. Utvalet fekk i mandat å gjere ein heilskapleg vurdering av skattelegginga av kraftverk.

Utvalet ble bedt om å vurdere om dagens vasskraftbeskatning er til hinder for utbygging av samfunnsøkonomisk lønsam vasskraft. Det kjem fram av mandatet at utvalet kan sjå bort frå omsynet til fordeling av inntektene mellom kommunar, fylker og staten.

Utvalet har kome med framlegg som dei meiner vil gje selskapa insentiv til å gjennomføre lønsame investeringar. Dei hevder at det dermed blir større verdier til fordeling mellom selskap, staten, kommunar og fylkeskommunar.

Vidare peiker utvalet på:

- Konsesjonskraft, konsesjonsavgift og eiendomsskatt har uheldige verknader då dei ikkje er basert på kor lønsamt kraftverket er. Det svekker selskapas insentiv til å investere og lønsame ressursar kan gå tapt.

- Med en nøytral grunnrenteskatt vil selskapa ha insentiv til å gjennomføre lønsame investeringar. Vidare bør vasskraftselskap betale ordinær selskapsskatt, på like vilkår som anna næringsliv.

Utvalet anbefaler å avvikle ordningane med konsesjonskraft og konsesjonsavgift samt å normalisere eiendomskatten for vasskraftverk. Grunnrenteskattesatsen må aukast frå 37 til 39 prosent, viss dei samla offentlege inntekter skal vere uendra.

Framlegget frå utvalet vil isolert sett redusere kraftinntektene til kommunar og fylkeskommunar. Ein ønsket fordeling mellom staten, kommunar og fylkeskommunar kan

fortsatt nås ved egne ordningar for fordeling av inntekter. Dette bør ein vurdere nærare ved oppfølging av utvalets forslag.

Utvalet anbefaler også andre justeringar i skattevilkåra for vasskraft. Nedre grense i grunnrenteskatten reduserast frå 10 000 til 1 500 kVA. Inntekter frå *opprinnelsesgarantier* blir inkludert i grunnrenteskatten. Friinntektsrenta i grunnrenteskatten skal vere ein risikofri rente, men utvalet er delt i korleis denne risikofrie friinntektsrenta bør bli fastsatt.

Vidare anbefaler utvalet å endre grunnlaget for eigedomsskatt til skattemessig verdi av driftsmidlar der produksjonsutstyr, produksjonsinstallasjonar og fallrettar ikkje inngår i grunnlaget.

Vurdering:

Utvalet foreslår endingar i dei kommunale konsesjons- og skatteordningar på vasskraft som vil innebere eit inntektstap for kommunane på 3,66 milliardar kroner per år, medan inntekter til staten vil auke med 4,4, milliardar kroner. Utvalet foreslår ingen kompensasjonsordning, men skisserer ein kompensasjon gjennom auka naturressursskatt.

Vang kommune er vertskap for fleire kraftverk. Kommunen har om lag 11 MNOK i årlege inntekter, derav

- 24,2 MNOK i konsesjonsavgifter,
- 5,4 MNOK i netto inntekter frå konsesjonskraft og
- 6,3 MNOK i eigedomsskatt.

Samla vil forslaget gje eit tap for kommunen på om lag 30 MNOK avhengig av kraftmarknaden og andre forhold. For Vang kommune, som er ein kommune med 1600 innbyggjarar, utgjer dette omlag 13% av brutto driftsinntekter.

Forslaget frå utvalet vil føre til at Vang kommune må redusere kostnader og tilbod på kommunale tenester. Ein kan summere Vang kommunes innvendingar mot utvalets forslag slik:

- Utvalet svarer ikkje på mandatet. I mandatet kjem det fram at utvalets hovudoppgåve var å vurdere om dagens vasskraftbeskatning er til hinder for at samfunnsøkonomisk lønsame tiltak blir gjennomført. Kraftverka har peikt på at det er den innretninga grunnrenteskatten har fått som er problemet, ikkje dei kommunale ordningane.

Konsesjonskraft og konsesjonsavgifter:

Kommunens inntekter frå konsesjonsavgifter og konsesjonskraft, om lag 30 MNOK årleg, er nedfelt i gamle konsesjonsavtaler. Utvalets forslag om å avvikle ordningane med konsesjonsavgift og konsesjonskraft vil være et brot på samfunnskontrakten som ligg til grunn for utbygginga i kommunen, og som kommunens samtykke til var basert på. Forslaget er også i strid med grunnloven § 97 om at lov ikkje kan gis tilbakeverkande kraft. Konsesjonsvilkåra som gjev kommunane rett til ein del av verdiskapinga, må ha same varigheit som konsesjonen.

Eigedomsskatt:

Kommunen får omlag 6 MNOK i eigedomsskatt frå kraftverka i kommunen. Utvalets forslag om at eigedomsskatten skal basere seg på skattemessig verdi er i strid med eigedomsskatteloven hovudregel i eigedomsskatteloven § 8 A-2 om at eigedomsskatten skal tilsvare anleggets omsetningsverdi. Eigedomsskatt basert på skattemessig verdi vil

innebere at eigedomsskatten vil bli størst i dei første åra etter at investeringa blir gjennomført, mens skatten blir mindre når lønsamheten aukar. Utvalet viser til uttalar om at for gamle kraftverk kan eigedomsskattegrunnlaget gå mot null.

Forslaget frå utvalet, som vil medføre høy skatt i årene etter investeringane, vil etter kommunens syn ikkje utløyse investeringane og svarer følgelig ikkje på mandatet.

NB: Høyringsuttala frå Vang kommune er skreve på ein mal frå LVK som kommunane blei oppfordra til å bruke. Denne malen var skrive på bokmål. Rådmannen har ikkje hatt tid eller ressursar til å omsetje malen til nynorsk. Høyringsuttala frå Vang blir derfor sendt fram på bokmål.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek «Høyringsuttale frå Vang kommune NOU 2019_16» som vedlagt.

- Utvalets forslag om å avvike dei kommunale ordningane med konsesjonsavgifter og konsesjonskraft må avvisast

- Utvalets forslag om å endre verdsettingsprinsipp for eigedomsskatt på vasskraft må avvisast

- Den usikkerheit som utvalets dramatiske forslag har skapt for økonomiplanlegging i kommunane gjer det naudsynt med ei snarlig avklaring frå regjeringa om utvalets vidare skjebne. Det same gjeld for kommunenes forvaltning av konsesjonskrafta

- Norge er i Parisavtala forplikta til minimum 40 % reduksjon i sine klimautslepp innan 2030. Utan ein snarleg avklaring vil vidare satsing på utbygging av fornybare energikjelder stanse opp, og ein viktig del av dei tiltak Norge må setja i verk blir forsinka

Kommunestyret 13.12.2019:

Behandling:

Rådmann orienterte om saka for kommunestyret.

Framlegg til vedtak: samrøystes vedteke

KS- 116/19 Vedtak:

Kommunestyret vedtek «Høyringsuttale frå Vang kommune NOU 2019_16» som vedlagt.

- Utvalets forslag om å avvike dei kommunale ordningane med konsesjonsavgifter og konsesjonskraft må avvisast

- Utvalets forslag om å endre verdsettingsprinsipp for eigedomsskatt på vasskraft må avvisast

- Den usikkerheit som utvalets dramatiske forslag har skapt for økonomiplanlegging i kommunane gjer det naudsynt med ei snarlig avklaring frå regjeringa om utvalets vidare skjebne. Det same gjeld for kommunenes forvaltning av konsesjonskrafta

- Norge er i Parisavtala forplikta til minimum 40 % reduksjon i sine klimautslepp innan 2030. Utan ein snarleg avklaring vil vidare satsing på utbygging av fornybare energikjelder stanse opp, og ein viktig del av dei tiltak Norge må setja i verk blir forsinka.

